



Vår ref.: LSK

Dykkar ref.:

Åsane, 23.11.2017

## **AVTALE FOR RUSSEN VED U. PIHL VIDEREGÅENDE SKOLE 2018**

Til grunn for avtalen ligg krav i Opplæringslova kapitel 9A, Forskrift om felles ordens- og åtførsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune, skulen sitt ordensreglement, samt føringar frå Opplæringsavdelinga sendt per e-post 19.10.2017 og føringar i skriv frå Utdanningsdirektoratet 16.02.2012.

- Tidsramme for russefeiringa i Hordaland 2018
  - .....2017 Informasjon klassevis: Politi og helsesøster
  - .....2018 Humanitæraksjon
  - 27.04.2018 Arrangement om trafikksikkerheit i Grieghallen. Arrangør: Norsk luftambulanse
  - 27.04.2018 Rebusløp for rusen. Arrangørar: Trygg trafikk, Statens vegvesen, politiet + ulike organisasjonar
  - 17.05.2018 Russetida vert avslutta
- Russen kan gå med russeklede på skulen i perioden frå 27.04.2018- 16.05.2018
- Russen er ambassadørar for eigen skule, og skal oppføre seg i tråd med det ordensreglementet som gjeld ved skulen.
- Rektor og skulen forventar at elevene i årets russekull viser ansvar for seg sjølv og andre.
- Russereglar skal godkjennast av elevinspektør/rektor.

Frå Opplæringsavdelinga, ligg følgjande føringar om russefeiring:

- *Opplæringsavdelinga sitt fokus i samarbeid om russefeiringa er å leggje til rette for ei trygg russefeiring for avgangselevar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.*
- *Kommersielt sal på skulane er ikkje tillat på skulen sitt område.*
- *Sjølve russefeiringa har ikkje plass innanfor skule/undervisningstida. Dette gjeld særskilt utøving av aktivitetar som strider mot ordensreglane og er til sjenanse for skulesamfunnet.*
- *Skulen sitt ordensreglement gjeld for russetida som elles i året.*

Utdanningsdirektoratet har mellom anna følgjande føringar for russefeiring, nedfelt i ei avtale som òg Elevorganisasjonen har signert:

*Noen prinsipper for dialogen om russefeiringen og skolens ansvar:*

- *Elevenes rettigheter og plikter i opplæringen gjelder også i perioden for russefeiring.*
- *Undervisning skal foregå som normalt, og dere skal føre fravær på samme måte som ellers i skoleåret.*
- *Skolen skal ikke være arena for russefeiring. Dere bør ikke tillate at skolens ansatte eller lokaler blir brukt av kommersielle aktører som selger utstyr.*

- *Verken ansattes arbeidstid eller elevers undervisningstid skal brukes til russeaktiviteter, som utdeling av reklame for russeutstyr eller arrangementer for russen.*

Avtalen vert avslutta med følgjande avsnitt:

*Hva er elevenes ansvar?*

*Alle elever skal følge skolens ordensreglement og andre regler som gjelder på skolen. Dersom noen elever ikke følger reglene, skal det være klart hvilke sanksjoner som gjelder.*

*Elevene har ansvar for å møte fram til og delta aktivt i opplæringen. Stort fravær kan resultere i at læreren ikke har tilstrekkelig grunnlag for å vurdere elevens kompetanse og å sette standpunktkarakter. Elevene skal ikke kunne forvente at skolen tilpasser skolehverdagen til russens arrangementer. Elevene kan heller ikke forvente at skolen tilpasser heldagsprøver, lar elevene gjennomføre prøver på andre tidspunkter enn det som skolen har bestemt, eller utsetter frister for ferdigstilling av elevarbeider.*

Russekullet 2018 ved U. Pihl Videregående skole pliktar å følge punkta over. Russepresident saman med resten av russestyret pliktar å informere medelevane om innhaldet i avtalen.

Åsane 23. november 2017

  
russepresident

  
visepresident

  
rektor